



Even Askeland  
Mykingvegen 160  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3815 - 21/7700

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
03.02.2021

## **Godkjenning av søknad om jordpåfylling og planering for felt 1 (utviding) og felt 2 - gbnr 211/5 Eikangerlien**

**Administrativt vedtak: Saknr: 169/21**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på GBNR 211/5 på Eikanger. Løyvet gjeld godkjenning til utviding av felt 1 og felt 2 i tråd med søknad og kartdatert 10.01.2021**

**Tiltaket skal gjennomførast innan 3. år frå anleggstart.**

**Løyvet er gjeve på slike vilkår:**

- Even Askeland (grunneigar) og Frode Haugsvær Maskin AS (utførande) står ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det skal liggja føre skriftleg avtale mellom grunneigar og utførande.
- Nabo på GBNR 210/3, (Mykingveien 180) skal varslast om tiltaket før arbeidet startar.
- Arbeidet skal utførast i tråd med plan utarbeidd av Trygve Torsteinsen.
- Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar. Kvart lass skal så langt som råd vere dokumentert.
- Det må avklarast med Statens vegvesen om kjøring til tippet krev utvida avkjøringsløyve
- Kjøring til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Det skal ikkje transporterast massar til tippet kring tidspunkt for skulestart og skuleslutt på Eikanger skule.
- Areal skal ferdigstillast til jordbruksarealet enten fulldyrka, overflatedyrka jord eller innmarksbeite i samsvar med krav i arealressurssystemet AR 5.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsett av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning
- I nedbørrike periodar bør det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg, og haldast grønt undervegs i arbeidet så sant det let seg gjera.

Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Vestlad fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminne § 8, 2 ledd.

Alver kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning til vassdrag.

Alver kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planerings fel §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8.

### Saka gjeld

Even Askeland har 10.01.2021 søkt om løyve til å ta i mot jordmassar for å forbetra jordbruksarealet på gbnr 211/5. Det er søkt om til saman 14 daa fordelt på felt 1 og felt 2. Søknaden er ei utviding av søknad godkjent i 2020 på 5 daa, og i tillegg eit felt 2 like nordom tunet.


Tipp 1 ligg i området sør for tunet. Planen er å fylla terrenget mellom gardsvegane, skråningane mot aust og fjøset. Arealet er om lag 4 daa, og det skal fyllast på om lag 8 000 m<sup>3</sup>.



Figur over: Bilete og kart felt 1

### Tipp 2

Ligg i same området like nordvest for tunet. Arealet er om lag 10 daa fordelt på to teigar. Gjennomsnittleg fyllhøgde vil vera mindre enn 2,5 meter, og totalt volum på tilkjørte massar vil vera omkring 20 – 25 000 m<sup>3</sup>



Bilde 1: TIPP 2 sett fra nord, haust 2020. Foto: NLR Vest

Figur over: kart og bilete felt 2

Trygve Torsteinsen frå Norsk landbruksrådgiving Vest har laga plan for begge tiltaka. Han skriv:

**Prosjektbeskrivelse for felt 1:** Hele utvidelsen består av full- og overflatedyrka jord, og hensikten med utvidelsen er todelt. Først og fremst er det tjenlig å få til en bedre tilpassing til eksisterende terreng, og unngå bratte skråningar. Dernest vil det være fordelaktig, med tanke på drenering, å heve terrenget nede på myrflaten. Da kan en snu avrenningen mot nord og aust, i stedet for mot vest slik den går i dag. I vest ligger utløpet høgt i forhold til overflata, og gir vanskelige avrenningsforhold.

Formålet med tiltaket er å oppgradere området til lettbrukt, velarrondert fulldyrka jord gjennom planering og terrengheving med tilkjørte jordmasser. Oppe i skråningene vil en få djupere jord og bedre terrengforhold, på flatene oppnår en bedre dreneringsforhold. Tiltaket er dermed i tråd med arealformålet i kommuneplanen. Gjennomsnittlig fyllhøyde vil være mindre enn 3 meter, og totalt volum på tilkjørte masser vil være omkring 8 000 m<sup>3</sup>.

### **Prosjektbeskrivelse felt 2**

Formålet med tiltaket er å oppgradere området til lettbrukt, velarrondert fulldyrka jord gjennom planering og terrengheving med tilkjørte jordmasser. Matjordlaget, og eventuelle gode mineraljordmasser fra B-sjikt skal tas vare på og gjenbrukes som toppdekke. Oppe på haugene vil en få djupere jord, og terrenget blir jevnet ut for å få bedre forhold for maskinell drift. Tiltaket er dermed i tråd med arealformålet i kommuneplanen.

Arealet vil bli delt i to av en allerede godkjent skogsveg, som er under bygging. Delfeltet i aust blir ca 2,5 dekar, mens vest for vegen får en et areal på nærmere 6 dekar. I tillegg er det ønskelig å jevne ut et mindre område til bruk som foringsplass. I vest avsluttes tiltaket en meter innenfor nabogrense. I aust, langs grense mot bnr 210/3 er det en enkel gårdsvei i dag. Denne vil heves litt, og så dekkes med et tynt lag jord og fungere som en "grønn" kjørevei.

Planeringsfeltet vil anlegges og drives i tråd med "Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt" fra 1989, samt i tråd med faglige tilrådingar fra håndboka "Jordmasser – fra problem til ressurs" fra 2018. Driften av tippen og inntransport av masser skal skje i regi av Frode Haugsvær Maskin AS, org.nr 985 442 320. Firmaet har erklært ansvarsrett for drifta av tippen.

Arealet skal ferdigstilles til fulldyrket jord iht. krav i arealklassifiseringssystemet AR5, punkt 4.7 Jordbruksareal på påfylte masser. Topplaget skal – sålangt det er mulig, i tillegg ha en kvalitet som er i tråd med anbefaling i faglig veileder fra NLR/NIBIO Jordmasser – fra problem til ressurs.

Det er i planen for begge tiltaka gjort vurderingar i høve til miljø, forureina masser, framande artar, kulturminner og miljøverdiar, avrenning, bekker og vassdrag, ras og utgliding, landskap, drift, jordkvalitet, drenering, avskjæring, terrengforming, drenerande undergrunnsmasser, anleggstart og tidsrammer, avkjøring og trafikale omsyn, naboar og ferdigstilling.

Arealet er i kommuneplanen avsett til landbruks-, natur – og friluftsliv (LNF).

### **Fakta om bruket**

Driftseininga med gbnr 211/5 består av fleire gards og bruksnummer – gbnr 210/4, 5,8 og 30. Gardskartet syner at det er 8,8 daa fulldyrka, 15,7 daa overflatedyrka, 19,9 daa innmarksbeite, 52,6 daa produktiv skog og 7,8 daa anna areal, bebygd, vegar m.m. Det samla arealet på driftseininga er 104,8 daa. Drifta på bruket er utegangardrift med sau.

Søknaden vart sendt på høyring til fylkeskommunen v/kulturavdelinga og lokalt kulturkontor

11.03.2020 i samband med handsaming av tipp 1. Kulturavdelinga i Alver har svart 17.03.20 at dei ikkje har merknader til søknaden. Vestland fylkeskommune har i svar datert 31.03.20: *Ut frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men det kan vere potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne.* Dei var på synfaring 11.05.2020 og kommune fekk endeleg svar frå fylkeskommunen 12.05.2020. Dei skriv: *Arkeologar frå Vestland fylkeskommune var på synfaring i området 11.05. Ut frå ei vurdering av potensialet for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i areala som skal fyllast igjen, er det ikkje naudsynt med ytterlegare markundersøkingar. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, men gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir oppdaga under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.*

Kommunen legg til grunn at utviding av felt 1 og 2 og vart vurdert i samband med synfaring i 2020 då dette var ein del av søknaden som vart sendt inn. Det er difor ikkje trong for ytterlegare høyring i denne saka.

#### **VURDERING:**

Kommunen har vurdert at utviding av tipp 1 og oppstart av tipp 2 er i samsvar med LNF-føremålet i kommuneplanen, då formålet er å betra tilhøva for jordbruksproduksjon. Til saman utgjer arealet mindre enn 15 daa og i tråd med forvaltningspraksis i Alver handsamar ein slike mindre tiltak etter forureiningsforskrifta kap. 4. Alver kommune har fokus på at overskotsmassar frå ulike utbyggingsprosjekt skal verta brukt til nytte for samfunnet, særleg landbruket.

Søknaden er vurdert i høve til forurensingsforskrifta kap 4, bakkeplaneringsforskrifta. Mestedelen av arealet er dyrka mark som på grunn av naturleg jordsvinn har fått dårlegare kvalitet eller er kupert og grunnlend og difor vanskeleg å driva. Naturleg jordsvinn medfører at jorda vert kupert og ulendt og at utløpet på grøftesystem vert liggjande for grunt til å drenera areala. Dette gjer maskinell hausting vanskeleg.

Det er trong for å fylla på jord for å halda oppe kvaliteten på areala. Bakkeplaneringsforskrifta sitt verkeområde og formål er: *Denne forskriften gjelder anlegg av planeringsfelt samt drift og vedlikehold av nye og eksisterende planeringsfelt. Forskriften har til formål å forebygge, begrense eller stanse forurensning/erosjon fra planeringsfelt.*

Verknad av tiltaket og kva som er risikofaktorar er vesentleg i kommunen si vurdering. Det er levert ein grundig og god plan for arbeidet der alle punkt som kommunen vanlegvis etterspør er vurdert og utgreidd.

#### *Nytte av tiltaket og driftsmessig god løysing*

Tippene ligg like ved driftsbygning. Ei forbetring av desse arealet vil vera positivt både for å auka avlingsmengde, lettare driftsforhold og gje betre tilhøve for både slått og beiting.

#### *Landskapsbilete/kulturminne:*

Søknaden har vore sendt på høyring til fylkeskommunen og lokalt kulturkontor og det er ikkje i konflikt med kjente kulturminne. Arealet rundt er eksisterande jordbrukslandskap, og når anlegget er ferdig vil det gli fint inn i dette kulturlandskapet.

#### *Avrenning/ureining/utgliding*

Erfaringsmessig er det partikkelavrenning i form av humus som er den største utfordringa frå

jordtippa. Det er allereie kjørt til ein del massar som kjem frå industriområde på Eidsnes. Dette er avgravingsmassar frå utmarksareal , og faren for ureining er difor låg. Det vil berre verta gitt løyve til tilkjøring av reine jord og steinmassar. Det må etablerast mottakskontroll slik at ein har kontroll med kva massar som vert kjørt inn på tippa.

#### *Drenering*

Det er allereie laga nytt noko nytt dreneringssystem i arbeidet med den første tippa, og planen som er lagt fram har gode løysingar på dette. Det er fornuftig at arealet vert profilert slik at det meste av vatnet kan renna av på overflata.

#### *Naturmangfald:*

Det er gjort søk i naturbase og artsdatabanken. Det er ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket. I artsdatabanken ligg det enkelt observasjonar i området av gulsanger og jernspurv frå 2010 og 2010. Observasjonane er utanfor den omsøkte eigedomen og er fugleartar knytt til skog. Det er lite truleg at tiltaket vil ha negativ påverknad for desse artane. Det er registrert 2 raudlista artar på naboeigendomen i aust, og det dreier seg om enkeltobservasjonar av stær (*Sturnus vulgaris*) og vipe (*Vanellus vanellus*). Begge høyrer heime i kulturlandskapet, og tiltaket vil ikkje vera til fare for disse. Utover dette er det ikkje registrert andre særlege miljøverdiar inne på feltet.

Avstanden til Eikangervassdraget, som er eit verna vassdrag, er om lag 500 meter. I vassdirektivet sine føringar må ikkje vasskvaliteten verta dårlegare enn før arbeidet tok til. På grunn av avstand, at det er ein mindre jordtipp og at det ikkje er bekkar/elver i nærleiken av tippa meiner landbruksavdelinga at det er liten risiko for negativ påverknad på dette vassdraget.

Etter landbruksavdelinga sitt syn er kunnskapsgrunnlaget etter i naturmangfaldlova tilstrekkeleg utgreidd. Generelt gjeldt det at alle inngrep som vert gjort i naturen skal utførast mest mogleg varsamt. Ut frå ei samla vurdering meiner kommunen at det er tatt naudsynt omsyn til naturmangfaldet jf. 8-12 i naturmangfaldlova.

#### *Framande artar*

Flytting av jord kan innebera spreiding av framande artar, men erfaring frå andre jordtippa i området er at jordbruksdrifta med gjødsling, sprøyting etc. i stor grad er ein effektiv måte og hindra vidare oppformering. Søkjar bør vera merksam på denne utfordringa når anleggsarbeidet startar opp, og det må vurderast om det er problem med framande artar der massane kjem frå.

#### *Transport:*

Det er ein stor føremon at det er kort veg mellom anlegg og tipp, men tilkomstvegen går mellom anna forbi Eikanger skule og det vert difor viktig å ta omsyn til skuleborna. I tida rundt skulestart og skuleslutt vil det vera mange born/foreldre på denne vegen, og ein bør difor unngå å kjøra masser i dette tidsrommet. Dette er det teke omsyn til i planen.

Tippa bør såast kvart år slik at den er grøn før vinteren, då dette reduserer utslepp av klimagassar frå sjølve tippa og bidreg til at livet i jorda kjem i gang.

#### *Støy/støv:*

Anleggsarbeid medfører både støy og støv, men tippa ligg i god avstand til anna bebyggelse og ein vurderer difor at dette er eit mindre problem. Grusvegar kan støva mykje i tørre periodar og det er ein fordel om dei kan vatnast eller saltast visst dette vert eit problem.

## Konklusjon

Den ferdige jordtippene vil kunna gje auka avling på jordbruksarealet og betre driftsforhold. Det er ikkje registrert at natur- eller kulturverdiar vert råka av tiltaket. Kommunen har høve til å setja vilkår for å sikra at gjennomføring og ferdigstilling av arbeidet vert gjennomført i tråd med vedlagt plan og gjeldande lovverk. Even Askeland og Arne Haugsvær AS står ansvarleg for arbeidet. Det kan berre kjørast til reine jordmassar og det må etablerast mottakskontroll. Transport av massar til tippet skal ikkje foregå i tida rundt skulestart og skuleslutt på Eikanger Skule. Etter ei samla vurdering vert det gjeve løyve til tiltaket.

## Regelverk

•Forskrift om begrensning av forurensing kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Kopi til:

Frode Haugsvær Maskin AS	Austfjordvegen 2472	5981	MASFJORDNES
Norsk Landbruksrådgiving Vest Sa Avd Fana	Kokstadflaten 36	5257	KOKSTAD

## Mottakarar:

Even Askeland	Mykingvegen 160	5913	EIKANGERVÅG
Lid Gard V Even Askeland	Mykingvegen 160	5913	EIKANGERVÅG